




Det er sommar! Les, teikn og fargelegg!




Det er sol.
Mamma, pappa, veslebror og eg
er på stranda.



Pappa sit ute på bryggja.
«Eg fekk ein stor fisk!», roper han.




Mamma og veslebror er ute i ein
båt. Dei ror.
Mamma har på seg ein raud kjole.



Eg leitar etter skjel.
Eg finn to krabbar. Dei er grønne og
har skarpe klør.



Vi et is.
Det er godt i varmen.



Til slutt byggjer vi eit stort sandslott.
Sjå, så fint det blir!
Eg likar sommaren.